



Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Åse Vaag, 5557 2188

## Leve heile livet 2020 –Tilbod om dialogmøte med kommunane og Rapport om planstatus.

*Dei fleste eldre i Norge lever gode liv. Dei formar sin eigen kvardag. Dei er aktive og deltek i sosiale fellesskap. Dei får gode helse- og omsorgstenester når det trengst. Dei bidreg med ressursane sine i jobb, for familie og venner eller i nærmiljøet, og det blir verdsett. Ute i kommunane finst det gode løysingar som sikrar dette, men mange av dei gode løysingane vert tatt i bruk av for få kommunar, og for tilfeldig. Det viser St. meld nr 15 Leve hele livet – ein kvalitetsreform for eldre.*

Reforma Leve heile livet består av konkrete og utprøvde løysingar på områder kor vi veit at det ofte sviktar i tilbod til eldre i dag.

### Dialogmøte

På vegne av det regionale støtteapparatet gjev Fylkesmannen med dette tilbod om dialogmøte innanfor reforma Leve heile livet til alle kommunane i Vestland.

Dialogmøte kan gjennomførast med ein eller fleire kommunar samstundes, og det kan gjennomførast digitalt eller som fysiske møte.

Målgruppe for dialogmøte er leiarar og tilsette i kommunen, politisk leiing og representantar som tek vare på innbyggjar-, brukar- og pårørandeperspektivet.

I dialogmøta med kommunane vil det bli lagt vekt på behovet for kommunal planlegging i gjennomføring av reforma, støtte og rådgjeving til korleis reforma kan integrerast i dei kommunale planprosessane.

Fylkesmannen viser til St. prop. 1S. kap. 761 Omsorgsteneste, der det vert lagt til grunn at kommunane enten skal ha vedtatt ein plan eller skissert ein prosess for korleis, og når de skal vedta ein plan for gjennomføring av Leve heile livet, for å verte prioritert innafor dei ulike tilskotsordningar. Det blir forventat at kommunane innan utgangen av 2021 kan vise til politisk vedtekne planar for korleis reforma sine innsatsområde og løysingar skal gjennomførast lokalt.



Vi ber om tilbakemelding frå kommunane om kva andre tema innanfor reforma som det vil vere viktig for kommunane å ta opp i eit dialogmøte, og som kan gje kommunen støtte og hjelp i det vidare arbeidet med Leve heile livet. Vi har utarbeidd eit spørjeskjema som kan vere kommunen sitt eige verktøy i dette arbeidet. Vi ynskjer at kommunen sender inn ein kopi av dette skjema saman med ynske om dialogmøte, sjå vedlegg 1.

Det regionale støtteapparatet ved KS og Utviklingssenter for heimeteneste og sjukeheim vil kunne bidra og vere til stades på dialogmøta, alt etter kva tema som vert tatt opp.

Fylkesmannen ber kommunen melder attende ynskje om dialogmøte så raskt som mogleg, og innan 1. des. 2020.

### **Rapportering til Helsedirektoratet**

Fylkesmannen er blitt bede om å innhente informasjon om planstatus for eldrereforma Leve heile livet i kvar kommune.

Vi ber kommunen svare på spørsmåla om dette i eige skjema, sjå vedlegg 2. Frist for innsending av vedlegg 2 er sett til 26. oktober 2020

Svar om avtale om dialogmøte og rapport om planstatus sendast til postmottak [fmvpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvpost@fylkesmannen.no) eller til Åse Vaag [fmhoava@fylkesmannen.no](mailto:fmhoava@fylkesmannen.no).

Med helsing

Linda Svori  
ass. fylkeslege

Åse Vaag  
fagdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg;  
Vedlegg 1. Spørjeskjema  
Vedlegg 2. Rapporteringsskjema